



Tokke kommune



TRYGG I TOKKESKULEN

Skulane i Tokke er inkluderande skular som skapar flygedyktige, rotfaste elevar!

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø

Tokkeskulen skal vere fri for alle former for krenkande åtferd, og skulemiljøet skal verke positivt på elevane si helse, trivsel, og læring. I tillegg skal skulane i Tokke gje elevane kompetanse i å meistre sitt eige liv, si eiga psykiske helse og korleis dei kan ta ansvarlege livsval. Dei skal òg lære å ta sosialt ansvar og vere ein god medborgar.

I tokkeskulen skal elevane møte tydlege vaksne som bryr seg.

Dei vaksne skal ha kompetanse i å:

- fremje eit trygt og godt skulemiljø
- forebygge og handtere mobbing og andre krenkingar.

Elevane i Tokke skal bli sett og verdsette av dei vaksne på skulen. Alle på skulen må bry seg og seie frå om dei har mistanke om eller merkar mobbing. Dei vaksne på skulen skal gripe inn når dei oppdagar krenkingar.

Alle elevar og føresette i Tokkeskulen skal oppleve å bli tatt på alvor når dei kjem med ei bekymring.



Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring” (Opplæringslova § 9a-2).



Skulekvardagen skal vere fri for krenkingar og mobbing

- Krenkingar er ord og/eller handlingar som gjer at ein elev blir lei seg eller ikkje har det bra
- Krenkande åtferd kan vere små hendingar som erting, knuffing, baksnakking eller utfrysing
- Krenkande åtferd kan også vere vald, rasisme, diskriminering eller mobbing
 - **Vald** er at nokon brukar makt for å skade andre
 - **Rasisme** er at nokon blir forskjellsbehandla eller plaga fordi dei har ein annan hudfarge eller snakkar eit anna språk
 - **Diskriminering** er at ein person blir dårlegare behandla på grunn av kjønn, funksjonsevne, tru eller hudfarge

Krenkingar vert mobbing når åtferda er gjentatt negativ eller vondsinna, og kjem frå ein eller fleire retta mot ein elev som har vanskeleg for å forsvare seg. Gjentatt erting på ein ubehageleg eller sårande måte er også mobbing.

Det er mobbing når:

- nokon blir utsett for negative hendingar frå ein eller fleire
- hendingane held fram over tid
- det er eit ujamnt styrkeforhold mellom den som plagar og den som blir plaga

KVA GJER DU VISS BARNET DITT IKKJE HAR DET BRA?

- Meld ifrå til kontaktlærer eller rektor så fort som mogleg
Du har rett til å bli tatt på alvor når du tar kontakt
- Rektor skal snarast mogleg undersøke saka og evt. lage ein tiltaksplan for at barnet ditt skal få oppfylt rettane sine
- Skulen skal lytte til både kva du og barnet ditt meiner
- Du kan klage til fylkesmannen viss barnet ditt ikkje får det betre



SLIK KAN DU BIDRA

Som forelder er du den viktigaste ressursen for barnet ditt si læring og utvikling.

Du kan også vere ein viktig ressurs for andre born:

- ✓ Hels på alle du møter på skulen
- ✓ Snakk positivt om andre sine born og andre føresette
- ✓ Gjer ein innsats for å bli kjent med vaksne og born på skulen
- ✓ Følg opp det som blir bestemt
- ✓ Engasjer deg i å skape eit godt miljø
- ✓ Ver opptatt av at alle er med
- ✓ Skap rom for å heie på fleire born enn ditt eige



Vestfold og Telemark
FYLKESKOMMUNE

Mobbeombodet

i Vestfold og Telemark

Mobbeombodet skal bidra til at barn og elevar får ivaretatt rettighetane sine til eit trygt og godt miljø i barnehage og skule

<https://www.vtfk.no/meny/tjenester/opplaring-og-folkehelse/elev-og-larling-mobbeombud/mobbeombud/>

Du finn meir informasjon på sida til Utdanningsdirektoratet:

NULLMOBBING

DU HAR RETT TIL Å HA DET BRA

.NO